



Sak nr 26/2010

Møtedato: 14.6.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S745

S 745, Lomtjenstølen – søknad om tilbygg på mjølkerom

Ole Bjørn Før søker om å få bygge på mjølkerommet med 1,5 x 3 m. Før driv mjølkeproduksjon på stølen.

Søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskrifta:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Søknaden er sendt Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale.

Statskog har den 14.6.10 muntleg opplyst at dei tilrår søknaden. Fjellstyret har ikkje motteke svar frå Oppland fylkeskommune før møtet.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte tilbygg på mjølkerommet og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ole Bjørn Før
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune